

Årsmelding for Lykkeliten 2018

Lykkeliten held til i lokala til Lyefjell forsamlingshus. Det er eit tilbod til barn og foreldre som går heime på dagtid og ønskjer ein sosial treffplass. Tilbodet har blitt drive på frivillig basis av foreldra sjølv ved at dei har rullert på å ha ansvar for opning/lukking, rydding/vasking. Dette fungerte på våren 2018, mens det ikkje var nokon som ville ta på seg ansvaret på hausten. Heldigvis har Liv Heidrun Heskestad og Ursula Penny tatt på seg ansvar for å låse opp og finne fram utstyr frå gong til gong, slik at tilbodet framleis har vore der.

Lykkeliten har opningstid frå kl.09.30-12.30, ca. annakvar onsdag.

I 2018 har me hatt ope 15 onsdagar. Våren 2018 var det mellom ti og tjue vaksne med barn på samlingane, medan det vart veldig få hausten 2018. Mange av dei som hadde vore med over fleire år slutta, og det har tatt litt tid å rekruttere nye.

Opplegget på Lykkeliten er relativt likt frå gong til gong. Dette året har det stort sett vore babyar og veldig få større ungar til stades, noko som har gjort at opplegget stort sett har vore inne på matter på golvet der ungane kan leike og foreldrene kan prate saman. Det er alltid ei songsamling som vert leia av kyrkjelydspedagog Ragnhild Hanssen. Etter samlinga et me medbrakt nistepakke ilag. Då samlast me rundt eit langbord inne i den store salen på forsamlingshuset.

Me tar 10kr i betaling kvar gang. Dette dekker kaffi og te til dei vaksne, samt litt ekstra kos til ungane ein gong i blant i form av frukt, kjeks eller ispinne.

Me håpar at det vert mogleg å få foreldre eller andre på banen til å vere med og drive dette viktige arbeidet framover. Det er stort potensial på Lye med mange nye familiar med babyar og små barn. På Lykkeliten kan ein byggje vennskap, etablere nettverk og føle seg inkludert i fellesskapet. Me har mulighet til å bety noko for folk på Lye gjennom dette arbeidet, og håpar me framleis kan ha dette tilbodet på forsamlingshuset.

19.02.19 Ragnhild Hanssen